

---

Saksnr: 2020/77152-92  
Saksbehandlar Arild Knapskog  
Dato: 12.11.2021

---

---

**Til:** Hovudutval for samferdsel og mobilitet  
Fylkesutvalet

---

**Frå:** Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

---

## Uttale frå RMNF - Høyringsvar - forslag til regelverk for kontrollutrustning i drosje

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne handsama i møte 12. november 2021 PS 36/21 «Høyringsvar - forslag til regelverk for kontrollutrustning i drosje».

Rådet gav følgjande uttale:

RMNF vil understreke at pkt. 2 i framlegg til vedtak er svært viktig, og meiner ein i vedtaket bør forsterke det med å vise til Vestland fylkeskommune side 6-7 i saksutgreiinga, eller ta inn nokon av formuleringane som strekpunkt. M.a. at ein ikkje kan innføre eit system som er utilgjengeleg for brukarar som ikkje nyttar smarttelefon. Eit sånt forslag er diskriminerande både mot menneske som ikkje kan bruke den teknologien eller ikkje har råd til å skaffe seg teknologien. Det må takast omsyn til personar som ikkje har / kan ha eigen bank-ID. (m.a. nokre av dei som må ha verje på det økonomiske).

«bør» blir bytta ut med «skal» når det gjeld bruk av kontantar.